

Oljeforskning kan bli dømt som uetisk

Klimakrisa gjer forskning for å utvinne meir olje uetisk, meiner UiB-professor Peter Haugan. No kan han få støtte av ein nasjonal forskings-etisk komitee.

HANS K. MJELVA
hans.mjelva@bt.no
foto TOR HØVIK

Forskning som gjer det mogleg for oljeselskapa å hente opp meir olje og gass kan bli stempla som uetisk. Universitetet i Bergen har sendt problemstillinga inn til Den nasjonale forskingsetiske komité for naturvitenskap og teknologi, som skal ta stilling til saka i april.

Konkluderer dei med at slik forskning er uetisk, vil det kunne få store konsekvensar for norsk oljeindustri.

– Vi har bede dei vurdere dei

ulike aspekta ved petroleumsforskninga. Det handlar om å ta vare på miljø og naturmangfald, men òg om velferd: Vi veit energi er viktig for velferden, ikkje minst i fattige land, seier Dag Rune Olsen, rektor ved Universitetet i Bergen.

Nasjonal effekt

Sidan UiB har stilt eit spørsmål om petroleumsforskning generelt, vil svaret frå komiteen kunne bli retningsgjevande for all petroleumsforskning her i landet. Det stadfester professor Øyvind Mikkelsen ved NTNU, som leiar komiteen som skal handsame saka.

– Vil de kunne gje ei tilråding til å seie nei til petroleumsforskning?

– Eg kan ikkje kome med nokon konkret konklusjon på det no, men realistisk sett veit vi at verda er avhengig av olje, seier Mikkelsen.

Hann seier dei no vil gå i gang

med å hente inn kunnskap om forskninga som blir gjort. Han reknar med at konklusjonen skal vere klar i april. Konklusjonen er rådgjevande, men forskning som blir stempla som uetisk av komiteen vil hamne i eit dårleg lys.

– Det er hypotetisk, men ei kvar forskning som bryt med forskningsetiske prinsipp vil ha det som ei hefting ved seg, seier han.

– Føler du at det er noko press for at de skal støtte petroleumsforskninga, sidan dette er forskning for ei økonomiske sett svært viktig næring her i landet?

– Nei, vi føler ikkje noko press. Vi kjem til å jobbe med denne saka som alle andre saker, seier han.

Kva er «berekraftig»?

Universitetsleiinga har bede om avklaring, etter at temaet har vore heftig debattert på UiB sidan universitetet fornya ein samarbeidsavtale med Statoil i oktober i fjor.

– Det vart ein diskusjon om kva som ligg i dei etiske retningslinjene, og i omgrep som «berekraftig». Då såg eg at det ville vere nyttig å få den forskningsetiske komiteen si vurdering opp mot deira eigne retningslinjer, seier rektor Olsen.

Den som drog i gang debatten, professor Peter M. Haugan på Geofysisk institutt, er glad for at UiB-leiinga har fremja saka. Han meiner det viktigaste for komiteen er å sjå på forskning som har som formål å finne meir olje og gass.

FAKTA

Petroleumsforskning

- Forskning som tener oljeindustrien blir i dag drive på dei fleste norske universitet.
- Forskinga er finansiert over universitetas eigne budsjett, frå staten gjennom Forskningsrådet og av oljeselskapa.

55

millionar kroner skal Statoil bruke på forskning ved UiB dei neste fem åra.

Her viser han til FNs klimapanel, som slår fast at CO₂-utsleppa må ned til null i løpet av 20 år viss vi skal unngå at temperaturen på kloden stig meir enn to grader.

– Kan ikkje drive med det

– Det betyr at dei som leitar etter olje, eller planlegg felt som kjem i produksjon om 20–25 år, held på med noko vi ikkje kan drive med viss vi skal ha ei berekraftig framtid, seier han.

– Kva bør skje viss komiteen skulle kome fram til at mykje av petroleumsforskninga er uetisk?

– I første omgang at UiB som institusjon ikkje stimulerer til å bruke ressursane på slik forskning. – Trur du UiB vil slutte med slik forskning?

– Eg vonar at vi kan konsentrere ressursane om andre ting, seier han.



STOPP: Om 20 år må CO₂-utsleppa våre vere null. Det uetisk med forskning som kan auke utvinninga av olje og gass, meiner Peter Haugan.

KJØP NY KIA NÅ, FÅ MED GRATIS VINTERHJUL!

(ALLE MODELLER)

KJØP NY KIA NÅ, FÅ SUPERRABATT PÅ VINTERPAKKE!

(UTVALGTE MODELLER)

VINTERPAKKE til Picanto og Rio

- Komplette vinterhjul på alufelger
- DEFA motorvarmer, ferdig montert
- Originalt takstativ

kun 4.900,-

(verdi ca. 20.000,-)



Kia Picanto fra kun 124.200,-



Kia Rio fra kun 160.700,-

VINTERPAKKE til cee'd og Carens

- Komplette vinterhjul på alufelger
- Skiguard eller Packline skiboks
- Originalt takstativ

kun 5.900,-

(verdi ca. 25.000,-)



Kia cee'd fra kun 212.200,-



Kia Carens fra kun 286.200,-

Priser levert Bergen, årsavgift tilkommer. Forbehold om trykkfeil og avvik fra avbildet modell. CO₂-utslipp fra 85 g/km, forbruk fra 0,32 l/mil v/bl. kjøring. Vinterhjul-tilbudet gjelder kjøp av ny Kia før 15.2, Vinterpakke-tilbudet gjelder ved kjøp av ny Picanto, Rio, Carens og samtlige cee'd-modeller registrert før 1. mars 2014.



The Power to Surprise

Bertel O. Steen

Bertel O. Steen Bergen AS avd. Åsane, Liamyrene 3, 5132 Nyborg, Tlf. 55 39 31 60, www.bosbergen.no

Bertel O. Steen Bergen AS avd. Minde, Kanalveien 51, 5059 Bergen, Tlf. 55 20 54 00, www.bosbergen.no